



Arkivsak: 19/160
Journalpost: 19/1934
Saksbehandlar: Rose Mari Refsnes
Dato: 16.09.2019

Saksframlegg

Høyring - Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar

Saksnummer:	Utval:	Dato:
054/19	Arbeidsutval nye Ålesund	25.09.2019

054/19 - Arbeidsutval nye Ålesund - Vedtak:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtek med heimel i forskrift av 19. juli 2001 nr. 1706 om Delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven § 9, jamfør lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9, at utkast til *Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar* blir lagt ut på høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Behandling:

Prosjektlear sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå prosjektlear:

Arbeidsutval nye Ålesund vedtek med heimel i forskrift av 19. juli 2001 nr. 1706 om Delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven § 9, jamfør lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9, at utkast til *Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar* blir lagt ut på høyring, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Saksutgreiing:

Med Miljøverndepartementets delegeringsvedtak av 19. juli 2001 er det gitt mynde til kommunen til å fastsette lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar etter forurensningsloven § 9 om forskrifter om forureining.

Kommunen bestemmer sjølv om ei slik forskrift skal vedtakast. Ved å fastsette ei lokal forskrift, har kommunen høve til å forby eller tillate all form for open brenning og brenning av avfall i småomnar, innanfor dei rammene som er gitt av Forurensningsloven og delegeringsvedtaket nemnt over.

Ålesund kommune og Sandøy kommune har gjeldande lokale forskrifter om open brenning vedtekne i 2011. Dei andre kommunane, som skal gå inn i nye Ålesund, har ikkje slike lokale forskrifter. Det er no utarbeida eit utkast til forskrift for nye Ålesund.

Å kvitte seg med avfall ved å brenne dette på ope bål gir ei ufullstendig forbrenning og medfører derfor utslepp av støv og organiske forbindelsar med skadeverknader på miljøet og helse til folk. Tidligare var det svært vanleg å kvitte seg med avfall på denne måten, men dette har endra seg. Folk flest er av den oppfatning at brenning av bål er ulovlig.

Open og ukontrollert brenning av avfall kan gi store utslepp av mellom anna tjærestoff (PAH), dioksiner og tungmetall. Dette kan medføre både helse- og miljøproblem lokalt.

Stadig fleire avfallstyper blir i dag materialgjenvunne eller brukt til energiproduksjon. Det har vore ei stor utvikling på dette området.

I dag har ÅRIM mottak av hageavfall på Bingsa miljøstasjon, Breivika miljøstasjon på Harøya, Nøsa miljøstasjon på Hellandshamn og Sjøholtstrand miljøstasjon. I tillegg har det vore eit mottak for hageavfall på Prestmarka i Skodje, men dette blir vurdert avvikla frå 2020.

Hageavfallet som blir levert til miljøstasjonane blir kompostert til ny jord.

Vurdering:

Vi ser det som ein stor fordel å ha eit klart regelverk på dette området med færrest mulige unntak.

Vi har god erfaring med gjeldande forskrift for Ålesund. Det har blitt gitt ein del dispensasjonar, hovudsakelig for sosiale samlingar og arrangement med leirbål og liknande på andre tidspunkt enn Sankthans.

I gjeldande forskrift for Sandøy kommune er det gitt fleire unntak enn i gjeldande forskrift for Ålesund kommune. I Sandøy er det mellom anna tillate med bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk. Av erfaring endar bråte ofte opp som avfallsbål.

Bråtebrenning av hageavfall kan vere til stor plage. Røyken frå brenning av gras, busker og tre kan føre til alvorlege helseproblem for mange med astma og allergi. Det er ein av grunnane til at det er viktig å få på plass ei lokal forskrift.

Ei opning for brenning utan søknad i enkelte område utan nærmare definering, vil for kommunen gjere det mykje meir ressurskrevjande å ha kontroll og å føre tilsyn etter forskrifta.

I gjeldande forskrift til Sandøy kommune er det også gitt unntak for fullskalaøvingar for brannvesenet. Dette er ikkje tatt med i forslag til ny forskrift.

I gjeldande forskrift for Ålesund er det unntak for brenning av haustavfall, greiner etter trefelling og liknande på øyer og holmar utan vegforbindelse. Dette er i hovudsak ført vidare i forslag til ny forskrift.

Unntaka a), b) og c) i forslaget til ny forskrift, er stort sett like med unntak gitt i begge dei eksisterande forskriftene.

Økonomiske konsekvensar:

For kommunen er det ingen direkte konsekvensar for økonomien.

Privathushald kan levere hageavfall gratis til miljøstasjonane til ÅRIM. Alle som betalar renovasjonsgebyr til ÅRIM har miljøstasjonskort. Med kortet kan ei gitt mengd avfall leverast utan betaling. Hageavfall vert ikkje trekt frå kvota på kortet.

Søknad om dispensasjon frå forskrifta er ikkje gebyrbelagt.

Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:

Det blir lettare for forureiningsmyndigheita å handheve regelverket når all brenning av bål (med få unntak), som ikkje er søkt om, er ulovleg.

Konklusjon med grunngjeving:

Det eksisterer i dag gode ordningar for å levere alt avfall til både material- og energigjenvinning. Avfall kan gå til energigjenvinning i forbrenningsanlegg der røygassen blir reinsa for farlege gassar og partiklar. Open brenning er til irritasjon, og fører til helseproblem for mange.

Ei forskrift med generelt forbod, og som regulerer når open brenning kan tillatast, vil vere ein fordel.

Forslag til *Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar* for nye Ålesund leggast ut til offentlig ettersyn, i minimum 6 veker, med høyringsfrist 11.11.2019.

Høyringsfristen er satt slik at det er mulig å vedta forskrifta i kommunestyret til nye Ålesund på møtet 12. desember 2019.

Høyringsinnspel kan sendast til Nye Ålesund, Postboks 1521, 6025 Ålesund, eller digitalt på e-post til post.nyealesund@alesund.kommune.no.

Astrid Eidsvik
prosjektleder

Utrykte dokument i saka:

Vedlegg:

17.09.2019

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar

1330630